

11.06.2014

Sel and-delsbrev med flotte premiar.



Spennande handel hos Caroline, Andrea og Malena.

**Førstkommande laurdag er det klart for den årvisse og populære aktivitetsdagen som Damevennene arrangerer i båthamna. Sidan 2008 har andeløpet i Uskedalselva vore eit spennande innslag under dette arrangementet. Her gjeld det å sikra seg and-delsbrev og vere med i kampen om 3 store premiar.**

Då eg var innom Spar i ettermiddag, heldt Caroline Saghaug Kjerpeseth, Andrea og Malena Hjelmeland på og rigga seg til ved sida av ingangen til butikken. Og kjøparane let ikkje venta på seg. And-delsbreva er tydelegvis populær salgsvarer som 'alle' skal sikra seg før aktivitetsdagen.

- Vi starta i går, og vil sitja her og selja dei komande ettermiddagane, fortalte jentene, - Vi kjem til å selja til vi er tomme for and-delsbrev, la dei til med eit smil vel vitande om den store interessa for andeløpet.

Andeløpet vart altså arrangert første gang i 2008. Då kom Ivar Gundersen med idén som han hadde plukka opp på Voss. Etter det har det vore årvisst, og det har heile tida vore flotte premiar til eigarane av dei raskaste endene. I år får dei 3 vinnarane gåvekort på Husnes Storsenter på 5000 kr, 3000 kr og 2000 kr. I tillegg får alle deltakarane oppleve den store spenningen i løpet!

Så her er det berre å vere ute i god tid og sikra seg and-delsbrev.

And-delsbrev vert og selt av blide, flinke ungdommar som går rundt på bygda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.